



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 14.05.2019
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	U
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	U
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Aina Øyehaug Opsvik	Barnevernssjef – PS 66/19
Pål Are Vadstein	Prosjektleder – PS 56/19
Svein Berg-Rusten	Helse- og omsorgssjef – PS 57/19, PS 58/19 og PS 59/19
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef – PS 58/19 og PS 59/19
Jarl Martin Møller	Kommunalsjef samfunnsutvikling – PS 60/19 og PS 61/19
Asbjørn Moltudal	Assisterende Rådmann – PS 63/19 og PS 62/19
Heidi Istad	Planleggar – PS 64/19
Jørgen Vestgarden	Utviklingsjef – PS 64/19



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 54/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 66/19	Interkommunalt barnevernvaktsamarbeid på Sunnmøre
PS 55/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 56/19	Volda Campus Arena Nytt saksframlegg om kommunal deltaking - etter ny anbodskonkurranse
PS 57/19	Innføring av "Helseplattformen".
PS 58/19	Rekneskap 2018
PS 59/19	Årsmelding 2018 - Volda kommune
PS 60/19	Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida – status
PS 61/19	Flaumsikring av Volda sentrum (Melshornsida)- Godkjenning av avtalar
PS 63/19	Øvre Rotset næringsområde - Fastsetjing av pris.
PS 62/19	Kjøp av tomt - Øvre Rotset Næringsområde
PS 64/19	Arealdelen - Planid 2016005 - Handsaming av 1. planframlegg for høyring og offentleg ettersyn
PS 65/19	PlanID 2018001 Detaljregulering for Rotsetfjæra gbr. 30/157, 30/286 m.fl. - Utlegging til offentleg ettersyn.
PS 67/19	Bratteberg skule - etablering av brakkemodular og trafikksikringstiltak
PS 68/19	Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.03.2019
PS 69/19	Orienteringssaker
OS 49/19	Samarbeidsavtaler fagleg og administrativt i følge med IPS-prosjektet (Individual Placement and Support) - Arbeidsrehabilitering etter modell av individuell jobbstøtte - Jobbmestrande oppfølging
OS 50/19	Referat frå møte mellom ordførarane og rådmennene på



VOLDA KOMMUNE

søre Sunnmøre 5. april

- OS 51/19 **Konsulentrapport – tilstandsvurdering av symjehallen**
- OS 52/19 **Orientering om møte med Helse Møre og Romsdal om Mork Rehabiliteringssenter**

PS 54/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Ettersendte dokument 13.05.19:

Vedlegg til PS 56/19 – notat frå KG prosjekt om opsjon parkeringskjeller.

Vedlegg til PS 58/19 – Møteprotokoll frå Vest Kontroll per 09.05.19.

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Ordførar Jørgen Amdam bad om at sak 65/19 blir trekt frå saklista.

Røysting trekk av sak 65/19:

Sak 65/19 vart samrøystes trekt.

Ordførar Jørgen Amdam bad om at «Konsulentrapport – tilstandsvurdering av symjehallen» vert sett på saklista som orienteringssak.

Rådmann Rune Sjurgard ber om at «Orientering om møte med Helse Møre og Romsdal om Mork Rehabiliteringssenter» blir sett på saklista.

Margrethe Bjerkvik (Krf) bad om informasjon om kvifor «Pride»-flagga var heist opp 8. mai, som er ein dag før dei fekk løyve, og då tok opp festflaggstengene på Frigjøringsdagen 8. mai.

Ordførar Jørgen Amdam bad om at sakene PS 62/19 og PS 63/19 bytter plass på saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste med endring frå Ordførar og Rådmann vart samrøystes godkjent.

PS 66/19 Interkommunalt barnevernvaktsamarbeid på Sunnmøre

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune takkar ja til tilbod om å ta del i interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre med Ålesund som vertskommune.

Det vert lagt fram eiga sak for fellesnemnda om godkjenning av samarbeidsavtale med Ålesund kommune om interkommunal barnevernsvakt etter vertskommunemodell jmf kommunelova § 28.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Barnevernssjef Aina Øyehaug Opsvik orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

Volda kommune takkar ja til tilbod om å ta del i interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre med Ålesund som vertskommune.

Det vert lagt fram eiga sak for fellesnemnda om godkjenning av samarbeidsavtale med Ålesund kommune om interkommunal barnevernsvakt etter vertskommunemodell jmf kommunelova § 28.

PS 55/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå møtet 30.04.19.

Røysting:

Møteprotokollen frå møtet 30.04.19 vart godkjent utan merknad.

PS 56/19 Volda Campus ArenaNytt saksframlegg om kommunal deltaking - etter ny anbodskonkurranse

Administrasjonen si tilråding:

- Volda kommunestyre godkjenner auka låneopptak på kr. 33 305 000 til kommunale investeringar i samband med bygging av idrettshall:*

Infrastruktur	25 600 000
Kjøp tomt	8 200 000
Dokumentavgift 2,5%	205 000
Andre tomteknadar	1 800 000
Kjøp parkeringseksjon	12 000 000
Bygging av full parkeringskjeller	9 500 000
Investering Volda kommune	57 305 000
Tidlegare vedtak på låneopptak	-24 000 000
Auka låneopptak	33 305 000

Kapitalkostnad knytt til auka låneopptak vert å innarbeide i budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

- Kommunestyret godkjenner innløysing av opsjon med full parkeringskjellar,*



VOLDA KOMMUNE

kr 9 455 667. Dette ligg inne i tabellen i pkt. 1. Godkjenninga vert gitt på vilkår av at kommunen får i stand avtale med Statsbygg om sal av kommunal tomt ved høgskulen. Salsinntekta vil kunne finansiere denne opsjonen heilt eller delvis og såleis redusere lånebehovet i punkt 1 tilsvarende. Dette vil gi totalt 122 biloppstillingsplassar i parkeringskjellaren.

3. *Kommunestyret godkjenner ei økonomisk ramme for leige av hall på inntil kr 3 350 000 eks. mva. pr. år i 30 år. Samla leigekostnad vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan. Leigeavtalen vert i eiga sak lagt fram for Formannskapet til handsaming. Godkjenning av avtalen er ein føresetnad for å starte bygging av idrettshallen.*
4. *Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale mellom Volda kommune og VCA AS, revidert 29.04.2019. Denne avtalen erstattar gjennomføringsavtalen som vart godkjent i kommunestyret i K-sak 7/19. Avtalen vert signert av ordførar og VCA sin styreleiar etter vedtak i Kommunestyret og VCA AS sitt styre.*
5. *Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale/oversikt for fordeling av drift av utomhusanlegg, datert 28.01.2019.*

Handsaming:

Ettersendt dokument vart lagt på lesebretta 13.05.19:

Vedlegg til PS 56/19 – notat frå KG prosjekt om opsjon parkeringskjeller.

Prosjektleiar Pål-Are Vadstein møte.

Rådmann Rune Sjurgard orienterte.

Anders Egil Straume fremma følgjande punkt. 2:

2. Kommunestyret godkjenner innløyasing av opsjon med full parkeringskjellar, kr 9 455 667. Dette ligg inne i tabellen i pkt. 1. Dette vil gi totalt 122 biloppstillingsplassar i parkeringskjellaren.

Røysting:

Det vart røysta over administrasjonen si tilråding ved punkt 1, 3, 4 og 5.

Punkt 1, 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Straume og administrasjonen si tilråding om punkt 2.

Straume sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

1. ***Volda kommunestyre godkjenner auka låneopptak på kr. 33 305 000 til kommunale investeringar i samband med bygging av idrettshall:***

Infrastruktur	25 600 000
Kjøp tomt	8 200 000
Dokumentavgift 2,5%	205 000



VOLDA KOMMUNE

Andre tomtekostnader	1 800 000
Kjøp parkeringseksjon	12 000 000
Bygging av full parkeringskjeller	9 500 000
Investering Volda kommune	57 305 000
Tidlegare vedtak på låneopptak	-24 000 000
Auka låneopptak	33 305 000

Kapitalkostnad knytt til auka låneopptak vert å innarbeide i budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

- 2. Kommunestyret godkjenner innløyising av opsjon med full parkeringskjellar, kr 9 455 667. Dette ligg inne i tabellen i pkt. 1. Dette vil gi totalt 122 biloppstillingsplassar i parkeringskjellaren.*
- 3. Kommunestyret godkjenner ei økonomisk ramme for leige av hall på inntil kr 3 350 000 eks. mva. pr. år i 30 år. Samla leigekostnad vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan. Leigeavtalen vert i eiga sak lagt fram for Formannskapet til handsaming. Godkjenning av avtalen er ein føresetnad for å starte bygging av idrettshallen.*
- 4. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale mellom Volda kommune og VCA AS, revidert 29.04.2019. Denne avtalen erstattar gjennomføringsavtalen som vart godkjent i kommunestyret i K-sak 7/19. Avtalen vert signert av ordførar og VCA sin styreleiar etter vedtak i Kommunestyret og VCA AS sitt styre.*
- 5. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale/oversikt for fordeling av drift av utomhusanlegg, datert 28.01.2019.*

PS 57/19 Innføring av "Helseplattformen".

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.*
- 2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre at innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram. PS 58/19 Rekneskap 2018*

Handsaming:

Rådmann Rune Sjugard og Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.*
- 2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre at innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.*

PS 58/19 Rekneskap 2018

Administrasjonen si tilråding:

Årsrekneskapen 2018 for Volda kommune (drifts-, investerings- og balanserekneskapen) vert godkjent.

Rekneskapsmessig mindreforbruk for 2018 på kr. 4 630 549,- vert sett av til disposisjonsfond

Handsaming:

Ettersendt dokument vart lagt på lesebretta 13.05.19:

Vedlegg til PS 58/19 – Møteprotokoll frå Vest Kontroll per 09.05.19.

Økonomisjef Kari Mette Sundgot presenterte rekneskapen for 2018 og svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

Årsrekneskapen 2018 for Volda kommune (drifts-, investerings- og balanserekneskapen) vert godkjent.

Rekneskapsmessig mindreforbruk for 2018 på kr. 4 630 549,- vert sett av til disposisjonsfond

PS 59/19 Årsmelding 2018 - Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

Årsmelding 2018 for Volda kommune vert teken til vitande

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

Årsmelding 2018 for Volda kommune vert teken til vitande.

PS 60/19 Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida - status

Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap tek saka til vitande.

Handsaming:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møte.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

Volda formannskap tek saka til vitande.

PS 61/19 Flaumsikring av Volda sentrum (Melshornsida)- Godkjenning av avtalar

Administrasjonen si tilråding:

Avskjeringskanal:

- 1. Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av Gbr. 19/2, Gbr. 19/38, Gbr. 19/3, Gbr. 19/13, Gbr. 19/6,29, Gbr. 20/2, Gbr. 20/5, Gbr. 20/12, Gbr. 20/27 og Gbr 20/4 vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 2 til denne saka*
- 2. Kommunen har ikkje lukkast å få avtale med eigar av Gbr. 20/1 til flaum-overføringskanalen. Formannskapet føreset at det vert gjort naudsynte tiltak for å sikre areal/trasè over Gbr.20/1 til flaum-overføringskanal frå Orgylelva til Heltneelva i samsvar med planane.*

Heltneelva:

- 3. Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av Gbr 20/4, Gbr. 20/3 Løyve til fjerning av tre, Gbr. 20/24, Gbr. 20/604, Gbr. 20/356, Gbr. 20/38, Gbr. 20/36 og Gbr. 20/566 vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 3 til denne saka*

Handsaming:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møte.

Røysting:



VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2019:

Avskjeringskanal:

- 1. Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av Gbr. 19/2, Gbr. 19/38, Gbr. 19/3, Gbr. 19/13, Gbr. 19/6,29, Gbr. 20/2, Gbr. 20/5, Gbr. 20/12, Gbr. 20/27 og Gbr 20/4 vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 2 til denne saka*
- 2. Kommunen har ikkje lukkast å få avtale med eigar av Gbr. 20/1 til flaum-overføringskanalen. Formannskapet føreset at det vert gjort naudsynte tiltak for å sikre areal/trasè over Gbr.20/1 til flaum-overføringskanal frå Orgylelva til Heltneelva i samsvar med planane.*

Heltneelva:

- 3. Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av Gbr 20/4, Gbr. 20/3 Løyve til fjerning av tre, Gbr. 20/24, Gbr. 20/604, Gbr. 20/356, Gbr. 20/38, Gbr. 20/36 og Gbr. 20/566 vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 3 til denne saka*

PS 63/19 Øvre Rotset næringsområde - Fastsetjing av pris.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommunestyre vedtek at prisen på tomter på Øvre Rotset næringsområde vert sett til kr. 790,- pr. m2 inkludert grunnkjøp.**
- 2. For det arealet som ligg lengst aust og som i reguleringsplanen og føresegnene er omfatta av avgrensing i høve til potensiell skredfare (om lag 32,4 da) vert prisen sett til kr. 675- pr. m2 inkludert grunnkjøp.**
- 3. Prisen skal justerast i samsvar med SSBs konsumprisindeks med utgangspunkt i 31.12.2018.**
- 4. I tillegg kjem tilknytingsavgifter for vatn og avlaup og kostnad med oppmåling/tinglysing. Salsvilkår og reguleringsvedtekter skal tinglysast som hefte.**

Handsaming:

Assisterande rådmann Asbjørn Moltudal møtte.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

1. *Volda kommunestyre vedtek at prisen på tomter på Øvre Rotset næringsområde vert sett til kr. 790,- pr. m2 inkludert grunnkjøp.*
2. *For det arealet som ligg lengst aust og som i reguleringsplanen og føresegnene er omfatta av avgrensing i høve til potensiell skredfare (om lag 32,4 da) vert prisen sett til kr. 675- pr. m2 inkludert grunnkjøp.*
3. *Prisen skal justerast i samsvar med SSBs konsumprisindeks med utgangspunkt i 31.12.2018.*
4. *I tillegg kjem tilknytingsavgifter for vatn og avlaup og kostnad med oppmåling/tinglysing. Salsvilkår og reguleringsvedtekter skal tinglysast som hefte.*

PS 62/19 Kjøp av tomt - Øvre Rotset Næringsområde

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre godkjenner vedlagde opsjonsavtale og kjøpekontrakt mellom Volda kommune og Retail Eigedom AS.

Handsaming:

Assisterande rådmann Asbjørn Moltudal møtte.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

Volda kommunestyre godkjenner vedlagde opsjonsavtale og kjøpekontrakt mellom Volda kommune og Retail Eigedom AS.

PS 64/19 Arealdelen - Planid 2016005 - Handsaming av 1. planframlegg for høyring og offentlig ettersyn

Administrasjonen si tilråding:

Forslag til kommuneplanen sin arealdel, vert sendt ut på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

Handsaming:

Planleggar Heidi Istad og utviklingssjef Jørgen Vestgarden møtte.

Odd A. Folkestad (U) fremma følgjande:

LANGEMYRA/MORKAÅSEN.

Området Langemyra/Morkaåsen skal avsetjast til næringsføremål.

Volda kommune skal gjere området utbyggingsklart til næringsføremål (gjerne regionføremål) som vil kunne dukke opp.



VOLDA KOMMUNE

Fellesframlegg frå Odd A. Folkestad (U), Dan Bjørneset (H) og Anders Egil Straume (Krf):
Områdenr KU B17.

- 1. Dette området vart i tilråding til møte 4/9.2018 lagt fram med eit areal stort 66 daa, med ei positiv tilråding: «Med omsyn til fortettingsstrategien der ein ynskjer vesentleg auke i busettinga i indre og midtre sentrumssone, kan ein tilrå bustader i området.»*
- 2. Området er av administrasjonen no redusert til 12 daa.*
- 3. Det aktuelle området har ikkje vore nytta til jordbruksføremål dei siste 10 åra.*
- 4. Grunneigarane av området er positive til at arealet vert omdisponert til bustadområde.*
- 5. Gardsbruk i nabolaget har vore tilbodne å kjøpe arealet som tilleggsjord, men har ikkje vist interesse for dette tilbodet.*
- 6. Område KU B17 blir difor på forslaget til arealplan, å leggje ut slik det var foreslege til møtet 4/9.2018 - på 66 daa*

Benedikte Holmberg (V) fremma følgjande:
B141 offentlig formål.

Benedikte Holmberg (V) fremma følgjande:
Grøntstruktur B16 (Støyperiet).
Som del av Elvadalprosjektet og bevaring av kulturhistoriske bygg langs elva.

Gunnar Strøm (SV), Sølvi Dimmen (SP) og Benedikte Holmberg (V) fremma følgjande:
Område Rotsetfjora (B225) blir omregulert frå industriområde til grøntstrukturområde sidan området er usedvanlig viktig i kulturhistorisk samanheng og for allmenn tilgang og trivsel i Volda sentrum.

Dan Bjørneset (H) fremma følgjande:
Viser til at plassering av fergekaia ikkje er oppdatert til ny plass.
1. Sjøarealet innanfor ny fergekai og G74 blir opna for utfylling for auka areale i sentrum.

Margrete Bjerkvik (Krf) fremma følgjande:
S 17 under Kap Spreidd bustadbygging. Ta bort setninga: Der det er ledige tomter i eksisterande bustadfelt vil det ikkje (bli) opna for nye areal for spreidd bustadbygging.

Margrete Bjerkvik (Krf) fremma følgjande:
KU B 42 Myragjerdet
Takast med i plan for arealdelen Volda kommune. Må vere glimrande å få fortsette i Myragjerdet der det er etablert byggefelt og veg kan vidareførast. Skule i nærleiken.

Margrete Bjerkvik (Krf) fremma følgjande:
Område KU B 2 Lid Berknes
Ta inn til bustadbygging. Ser liten verdi som jordbruk, ikkje brukt på mange år. Flott område. I sør ved vegen tidlegare frådelt tomt som det er bygt på som forøvrig ligg i forlengelsen av fleire hus. Er eit tilbod til andre enn dei som har kontakt med grunneigarar.

Gunnar Strøm (SV) og Benedikte Holmberg (V) fremma følgjande:



VOLDA KOMMUNE

Volda treng sentrumsnære bustadtomter. Planutvalget ber om at det ubygde området ned mot sjøen inn mot Andaneset (53N?) og området frå ferjekaia ut til Munken (BFR1-N) blir regulert til bustadformål.

Røysting:

Det vart røysta over administrasjonen si tilråding. Den vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over fellesframlegget frå Folkestad, Bjørneset og Straume. Framlegget fekk fire røyster og vart ikkje vedteke. (Folkestad, Bjørneset, Straume og Bjerkvik).

Det vart røysta over framlegget frå Folkestad om Langemyra/Morkaåsen. Framlegget frå Folkestad vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Holmberg om B16. Framlegget fekk 2 røyster (Holmberg og Strøm) og vart ikkje vedteke.

Holmberg trekte framlegget sitt om område B141.

Det vart røysta over fellesframlegget frå Strøm, Dimmen og Holmberg. Framlegget fekk fire røyster (Strøm, Dimmen, Folkestad og Holmberg) og vart ikkje vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Bjørneset. Framlegget frå Bjørneset vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Bjerkvik om endring på side 17 i «planomtale arealdelen». Framlegget frå Bjerkvik vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Bjerkvik om KUB 42 Myragjerdet. Framlegget frå Bjerkvik fekk fem røyster (Bjerkvik, Holmberg, Sundal, Dimmen og Straume) og vart vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Bjerkvik om KUB FR 8 Lid Bjerknes. Framlegget frå Bjerkvik fekk sju røyster (Amdam og Strøm røysta i mot) og vart vedteke.

Det vart røysta over fellesframlegget frå Strøm og Holmberg. Framlegget fekk to røyster (Strøm, og Holmberg) og vart ikkje vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2019:

Forslag til kommuneplanen sin arealdel, vert sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 med desse endringane:

LANGEMYRA/MORKAÅSEN.

Området Langemyra/Morkaåsen skal avsetjast til næringsføremål.

Volda kommune skal gjere området utbyggingsklart til næringsføremål (gjerne regionføremål) som vil kunne dukke opp.

Viser til at plassering av ferjekaia ikkje er oppdatert til ny plass.

1. Sjøarealet innanfor ny ferjekai og G74 blir opna for utfylling for auka areale i sentrum.



VOLDA KOMMUNE

S 17 (planomtale arealdelen) under Kap Spreidd bustadbygging. Ta bort setninga: Der det er ledige tomter i eksisterande bustadfelt vil det ikkje (bli) opna for nye areal for spreidd bustadbygging.

KU B 42 Myragjerdet

Takast med i plan for arealdelen Volda kommune. Må vere glimrande å få fortsette i Myragjerdet der det er etablert byggefelt og veg kan vidareførast. Skule i nærleiken.

Område KU B 2 Lid Berknes

Ta inn til bustadbygging. Ser liten verdi som jordbruk, ikkje brukt på mange år. Flott område. I sør ved vegen tidlegare frådelt tomt som det er bygt på som forøvrig ligg i forlengelsen av fleire hus. Er eit tilbod til andre enn dei som har kontakt med grunneigarar

PS 65/19 PlanID 2018001 Detaljregulering for Rotsetfjora gbr. 30/157, 30/286 m.fl. - Utlegging til offentlig ettersyn.

Handsaming:

Saka vart trekt i møtet.

PS 67/19 Bratteberg skule - etablering av brakkemodular og trafikksikringstiltak

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre vedtek å flytte og setje istand brakker som er lokalisert ved Øyra skule til Bratteberg skule innanfor ei kostnadsramme på 1 700 000 kr eks.mva

Tiltaket vert finansiert ved omprioritering av investeringsmidlar slik det går fram av saka.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

Volda kommunestyre vedtek å flytte og setje istand brakker som er lokalisert ved Øyra skule til Bratteberg skule innanfor ei kostnadsramme på 1 700 000 kr eks.mva

Tiltaket vert finansiert ved omprioritering av investeringsmidlar slik det går fram av saka.



PS 68/19 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.03.2019

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2019 til vitende.

Handsaming:

Dan Bjørneset (H) kommenterte at endringane frå skiltplanen ikkje var utført enda.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2019 til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2019 til vitende.

PS 69/19 Orienteringssaker

OS 49/19 Samarbeidsavtaler fagleg og administrativt i følge med IPS- prosjektet (Individual Placement and Support) - Arbeidsrehabilitering etter modell av individuell jobbstøtte - Jobbmestrande oppfølging

OS 50/19 Referat frå møte mellom ordførarane og rådmennene på søre Sunnmøre 5. april

OS 51/19 Konsulentrapport - Tilstandsvurdering av symjehallen

Handsaming:

Saka vart sett på saklista i møtet og dokumentet «Konsulentrapport – Tilstandsvurdering av symjehallen» vart delt ut i møtet.

Ordførar Jørgen Amdam orienterte om status ved symjehallen i Idrettesbygget som vart stengt på dagen 13.05.19.

Rådmann Rune Sjugard orienterte om førespeglingane som Volda kommune fekk i 2017 av Sweco om mogleg forlenging av levetida til symjehallen.

OS 52/19 Orientering om møte med Helse Møre og Romsdal om Mork Rehabiliteringssenter

Handsaming:

Ordførar Jørgen Amdam orienterte om møte som skal være 04.06.19 med konstituert administrerande direktør for Helse Møre og Romsdal.

Rådmann Rune Sjugard orienterte om arbeidsgruppe som ordførarane og rådmenn i Sjustjerna har satt ned for å sjå på oppgåver mellom kommune og helseføretak.



VOLDA KOMMUNE

Møte slutt kl 16:53.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
15.05.2019

Sunniva Utnes Kvangarsnes
Konsulent